



Høgskulen på Vestlandet

Jobbnorge-ID: 260555
Søknadsfrist: 20.05.2024
Nettside: <http://www.hvl.no>
Omfang: Heiltid
Varighet: Åremål

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 900 tilsette og 17 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi, samfunnsvitenskap og maritime studiar, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

HVL sender i løpet av 2024 søknad om å bli eit universitet. Overgangen til eit fullverdig universitet vil styrkje Vestlandet som region. Dette oppnår vi gjennom å utdanne endå meir kompetente studentar, og ved å utføre forskning som er tett knytt til samfunns- og arbeidslivet.

For å nå dette målet har HVL dei siste åra bygd sterkare fagmiljø i heile fagbreidda. Vi har utvikla samanhengen mellom utdanning, forskning og arbeidsliv, vi samarbeider meir internasjonalt og vi har arbeid med å styrke alle dei fem studiestadane.

Rektor ved Høgskulen på Vestlandet

Ledig åremålsstilling som rektor ved Høgskulen på Vestlandet frå 1. januar 2025

HVL søker ein rektor med sterk motivasjon for å vidareutvikle høgskulen som ein viktig regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsaktør. Rektor skal leie arbeidet med å vidareutvikle HVL som ein institusjon med høg kompetanse, der både studentar og tilsette har eit trygt, inkluderande og stimulerande fag- og arbeidsmiljø, og med ein felles organisasjonskultur der demokrati og medverknad skal vere ein viktig del av identiteten og styreforma.

[Strategi 2023-2030 for Høgskulen på Vestlandet](#) legg vekt på at høgskulen skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. Vår visjon er «kunnskap som byggjer menneske og samfunn». Samhandling med nærings- og samfunnsniv vil vere avgjerande i arbeidet med å utvikle HVL i tråd med arbeidslivets framtidige kompetansebehov. Strategiske ambisjonar og mål har særleg merksemd på det grøne skiftet med stikkord som berekraft, velferd og innovasjon, forankra i høgskulens verdier - inkludere, utfordre og samhandle. Rektor har ei avgjerande rolle i dette arbeidet, og må vere ein synleg representant for høgskulen si sak i det offentlege ordsiftet.

Rektor har ansvaret for å leie den samla faglege og administrative verksemda ved høgskulen, innanfor dei rammene og pålegga som styret fastset. Rektor er ansvarleg overfor, og rapporterer til, høgskulestyret. Dette inneber også funksjonen som sekretær for styret, med ansvar for førebuing av styresaker og iverksetting av styrevedtak.

Vi tilbyr ei spennande leiarstilling for ein organisasjon i utvikling og som også gir høve til å prege ein sektor i endring

Kvalifikasjonskrav:

Vi ønskjer ein rektor som har:

- Høg vitenskapleg kompetanse, helst innanfor eitt av høgskulen sine fagområde
- Kunnskap om UH-sektoren og forståing for høgskulen sitt samfunnsoppdrag
- Solid leiarerfaring frå kunnskapsorganisasjon
- God kjennskap til dei politiske prosessane som set rammevilkåra for UH-sektoren
- Gode strategiske evner og eit heilskapleg syn på verksemda
- God evne til å leie inkluderande strategi- og endringsprosessar
- God forståing for utvikling av ein fleircampusorganisasjon
- God økonomiforståing
- God organisasjonsforståing og evne til å leie utviklinga av administrative og tekniske tenester tilpassa kjerneverksemda
- God munnleg og skriftleg framstillingsevne i norsk eller anna skandinavisk språk, og engelsk

I vurderinga vil vi vektleggja følgjande personlege eigenskapar:

- Ein motiverande og inkluderande leiarstil
- Utviklingsfokus og strategisk heilskapleg perspektiv
- Gjennomføringsevne og resultatorientering
- Evner til kommunikasjon, samhandling og til å bygge relasjonar internt og eksternt

Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Løn etter avtale innanfor Statens lønsregulativ.
Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Det er søker sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søker sjølv laste opp attesterte omsetjingar. Dersom vedlegga overskrider 50 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggjast ved som lenkje.

Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

Generell informasjon:

Rektor blir tilsett på åremål for 4 år frå 1.1.2025.

Stillinga har i utgangspunktet hovudarbeidsstad i Bergen. Tilsetting skjer etter reglane i Universitets- og høgskulelova og Statsansattelova. Vedtak om tilsetting blir gjort av høgskulestyret.

Vi gjer merksam på at unntak frå den offentlege søkerlista blir handsama etter reglane i Offentleglova. Søkarar som har bede om slikt unntak, blir varsla dersom ønskje ikkje vert teke til følgje.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV.

Inkludere, utfordre og samhandle

[Les meir på våre heimesider.](#)

Tilleggsinformasjon

Kontaktpersonar:

- Anette Hansen, Rekrutteringsleiar Sør-Vest, Jefferson Wells
Telefon: +47 90 08 00 79 | E-post: Anette.Hansen@Jeffersonwells.no
- Arvid Hallén, Styreleiar, Høgskulen på Vestlandet
Telefon: +47 93 23 85 15 | E-post: arv.hallen@gmail.com

Arbeidsstad:

- Inndalsveien 28 5063 Bergen (Bergen Kommune)
- Svanehaugvegen 1 6812 Førde (Sunnfjord Kommune)
- Røyrgata 6 6856 Sogndal (Sogndal Kommune)
- Klingenbergvegen 4 5407 Stord (Stord Kommune)
- Bjørnsonsgate 45 5528 Haugesund (Haugesund Kommune)